

Protokoll
Styremøte nr. 4/2019
Norges Friidrettsforbund
Fredag, 29.mars kl 12.00

Quality Hotel Edvard Grieg Bergen

Tilstades: Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Geir Nordtømme, Anne Farseth, Henrik Carstens, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Mathias Vangsnes

Forfall: Svein Arne Hansen, Kari Ann Nygård deltok ikkje i behandling av sak 27.

Referent: Narve Heggheim

Fra sentraladministrasjonen: Kjetil Hildeskor, Narve Heggheim og Berit Nøbben

Saksliste for styremøte 4-2019:

- Sak 20/2019 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte.
- Sak 21/2019 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem
- Sak 22/2019 Status regnskap pr dato
- Sak 23/2019 Planlegge Tinget
- Sak 24/2019 Rest NM/UM tildelingar 2020
- Sak 25/2019 Framtidig regional struktur
- Sak 26/2019 Jury/TD 2019
- Sak 27/2019 Innstilling av ny valgkomite 2019-2021
- Sak 28/2019 Evaluering styrearbeidet, drøfting korleis ein skal evaluere inneværande styreperiode

Sak 20/2019 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte.

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjendt

Sak 21/2019 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem
Styremedlemmer og administrasjon orienterte om aktuelle saker innafor sitt område.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning

Sak 22/2019 Status regnskap pr dato
Prognose og regnskap pr 26. mars vart presentert. Pga omlegging til nytt regnskapssystem var ikkje regnskap og prognose rett oppdatert pr. dato. Fullstendig prognose blir lagt fram på neste styremøte og styret vil her også ha ein presentasjon av medieavtalene som er inngått siste tida.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning.

Sak 23/2019 Planlegge Tinget

Styret drøfta og fordelte oppgåver på tingberetning og tingforslag. Tingforslag 6 som var lagt fram vedrørende UM og mesterskapsstruktur vart vedteke endra der punkt 1 vart teke bort og punkt 2 vart endra.

Vedtak: Styret endrar sitt framlegg til vedtak på tingforslag 6 slik: Norges Friidrettsforbund får i oppdrag å igangsetje eit arbeid med å vurdere endringar i mesterskapsstrukturen. I arbeidet skal det vere brei representasjon frå alle organisasjonsledd i norsk friidrett og det skal gjennomførast høyring der alle organisasjonsledd kan komme med innspel. Forslag til endeleg mesterskapsstruktur legast fram på tinget i 2021.

Sak 24/2019 Rest NM/UM tildelingar 2020

Styret har tidlegare tildelt nasjonale mesterskap utfrå søknader. Nokre mesterskap hadde ikkje søkjarar og mesterskap der ein no har fått søknader vart tildelt.

Vedtak: Følgjande nasjonale mesterskap vart tildelt:

NM/UM Mangelkamp:	Fagernes IL
NM Innandørs:	Oslo FIK, IL i BUL, IK Tjalve
NM hopp u.t:	Oslo FIK, IL i BUL, IK Tjalve

Administrasjonen får fullmakt til å tildele øvrige mesterskap som ikkje er tildelt.

Sak 25/2019 Framtidig regional struktur

Plan for gjennomføring og innhald i presentasjon på temaet under aktuell debatt på tinget vart gjennomgått og diskutert.

Sak 26/2019 Jury/TD 2019

Forslag til oppnevning av juryleirarar ogv TD ved nasjonale mesterskap vart presentert. Ein vil vektlegge å få med både erfarne og nye i desse rollene og begge kjønn skal vere best muleg representert.

Vedtak: Basert på framlagt forslag og presentasjon får administrasjonen fullmakt til å gjere endeleg oppsett av juryleiarar og TD for 2019, saman med lovutvalg og dommarutvalg.

Sak 27/2019 Innstilling av ny valgkomite 2019-2021

Styret drøfta forslag til valgkomitè som blir valgt av tinget.

Vedtak: Styret føreslår følgjande valgkomite til Friidrettstinget 2021:

Leiar:	Hilde Osnes, IL i BUL
Medlemmer:	Lars Ola Sundt, Groruddalen FIK
	Stine Haugum, Strindheim IL
	Kari Ann Nygård, Narvik IL
	Cidi Nzita, Norna-Salhus IL

Sak 28/2019 Evaluering styrearbeidet, drøfting korleis ein skal evaluere inneværande styreperiode

Styret oppsummerte tingperioden 2017-2019 og det vart drøfta korleis ein bør legge opp starten på ny periode basert på erfaringane ein har gjort i denne perioden.

Møtet slutt 17.20